

NR. 6

SEPTEMBER 1986

19. ÅRG.



Gud har vår evighet i sinne

*Gud har vår evighet i sinne, -
og ikke jordens korte tid.
Kan bare himmelen vi vinne,
han koster på oss storm og strid.
Og kan hans godhet skynde på,
han rike gaver lar oss få.*


*Gud har vår evighet i tanker,
hva gagnet det om alt vi vant
om ei vi engang kastet anker
og paradiset åpent fant!
Se, det bestemmer kurs og lei
og veien over livsens hei.*

*Gud har vår evighet for øye, -
så la oss takke han for det!
Om mang en motbør vi må døye,
det bitre skal oss bli til fred.
Når frelste vi der hjemme står,
da takker vi for livets kår.*

Av Trygve Bjerkrheim

«Jesus står
utenfor døren
og vil inn!»

Luk. 10. 38-42



Ja, slik lød det fra en bestyrret hushjelp i et herskapshus i Paris en dag. Familien ventet en sjelden gjest på visitt, men hadde glemt å fortelle hushjelpen hvem gjesten var. Utenfor døren stod den kjente kristne Sadhu Sundar Singh. Han var på Europavisitt, men i India gikk han kledd i safrangul fotsid drakt og på føttene hadde han sandaler. Som sine stammefrender, sikhene i Punjab bar han sitt lange sorte hår og mørke skjegg. Hushjelpen hadde ikke sett en hellig sadhu fra India før, men hadde sett adskillige avbildninger av Jesus. Mannen som stod utenfor lignet jo slik på Jesus! Det var intet Sadhu Sundar Singh ønsket i liv og tjeneste enn nettopp å ligne Jesus. Han fikk komme inn og fikk høre hvem han hadde blitt tatt for å være.

Tenk nå om Jesus virkelig stod utenfor din dør og gjerne ville avlegge deg et besøk, hva ville du gjøre? Ville du kjenne ham og ville du la ham få komme inn til deg? Salmedikteren sier det slik. «Du Guds velsignene kom inn». Det ville jeg og si, for «du kommer Jesus til meg inn og da blir solen tent». Det er godt å ha med Jesus å gjøre.

«Se, jeg står for døren og banker, om noen hører min røst og åpner døren, vil jeg gå (komme) inn....» Åpb. 3.20.

Det var nettopp slik det hendte hos Martha og Maria i Betania. Jesus kom på besøk og han slapp å stå ute — han var velkommen inn. Det er slik det skjer hos alle som av hjertet ønsker å høre Jesus til og som ønsker å ha med Gud å gjøre.

Det måtte da være en fullkommen heim denne heimen i Betania som ville huse en slik gjest! Beretningen forteller at slik var det ikke. Det kom ganske snart til et skisma mellom de to søstrene og Jesus fikk passet sitt påskrevet av Martha. Du kan lese om det i Luk. 10. 38-42. Det var ikke til kafebesøk Jesus var kommet i første rekke. Han ville ha søstrene i tale først og fremst og deretter fikk det så bli noe å spise. «Martha, Martha, du gjør deg strev og uro med mange ting... men... nødvendig det må komme først... Maria har valgt den gode del, som ikke skal taes fra henne». Mathias Orheim hadde opplevd hva det hele dreier seg om og skrev.. «Når eg og Jesus aleine er, da er det hugnad å leva her», Ja, slik er det.

M. J. ULVESETER

SYNG I KOR

I kyrkjene er det eit variert tilbod til dei som likar å syngja

Arna Kyrkjekor

Arna Kyrkjekor har teke til att med øvingane. Vi held til i kyrkja kvar onsdag frå kl. 18.30 til kl. 20.00. Har du hug til å syngja i kor er dette noko for deg. Vi har mange spanande oppgaver framfor oss, og skal vi klara å løyse desse oppgavene treng vi DEG.

Arna Kyrkjes Barneskor

Dette koret er nystarta, og det møtete 30 til første øving. Dirigent og leiar er organist Asbjørn Flåm.

Arna Ten Sing

har øving kvar torsdag kl. 18.45. Aldersgrensa er no 7 klasse.

Ytre Arna Kyrkjekor

Ytre Arna Barnekor

Øvingsdag: tysdag
Barnekoret: kl. 15.30 (3.-6. klasse)
Kyrkjekoret: kl. 19.00.
Nye medlemmer er velkomne!

KORSONG ER MILJØTILBOD

Å vera med i eit kor vil og seia at ein får oppleva anna enn øvingane. Det vert arrangert turar, konsertar og dei deltek på ulike tilstellingar. Men det kan og vera slik 30 born og vaksne hadde det ved bålkvelden for Ytre Arna barnekor på Haugland før sommarferien. Her er eit bilete frå den kvelden då dei spidda pølser, hadde mykje moro og ein andakt på programmet. Det var noko alle sette stor pris på, og det var heime hjå Eli Mohn, tidlegare soknerådsformann i Ytre Arna.



Blix – kveld i Ytre Arna

Det er i år 150 år sidan den kjende salmedikteren Elias Blix vart fødd. Mange av salmane hans er blitt folkelege og vert framleis mykje brukt både i kyrkjer og i andre samanhengar. Som døme kunne me nemna: Gud signe vårt dyre fedreland og No livnar det i lundar.

Søndag 5 oktober vert det Blix-kveld i Ytre Arna kyrkje kl. 19.00. Der kåserar Sigurd Rydland om salmedikteren, og vi syng Blix-salmar. Ytre Arna kyrkjekor, organistane Siri Brunvoll og Asbjørn Flåm med fleire tek del. Alle er velkomne til å vera med.

Skulestart- også for søndags- skulen

SØNDAGSSKULENEREI :
enkel kristen samling om søndagen,
der borna får:

- syngja kristne singlar
- læra å be
- høyra enkel undervisning og for-
kynning ut frå Bilelen
- snakka om det dei høyrer
- vera i lag med andre i eit kri-
stent miljø.



SØNDAGSSKULAR I ARNA

Søndagsskulen tek no att etter ferien.
I Arna er det søndagsskule desse stadene:

YTRE ARNA	Bedehuset kl. 10.30
HAUGLAND	Bedehuset kl. 11.00
INDRE ARNA	Bedehuset kl. 10.00
ARNA KYRKJE/Borgstova	kl. 11.00
LIATUN	Stølsv. 98, kl. 9.45 og 10.30
ARNATVEIT	Salen kl. 10.00
HAUGE	«Betania» Lone kl. 10.45
UNNELAND	Bedehuset kl. 11.00
SEIMSMARK	Garnes barneskule kl. 11.00
TUNES	Bedehuset kl. 12.15
TAKVAM	Kapellet kl. 12.15
ROMSLO	Skulehuset kl. 10.30
TRENGEREID	Bedehusei kl. 11.00

Dei fleste stadene er det søndagsskule kvar søndag, men ein-
skilde stader er det annakvar.

VELKOMMEN MED BARNET TIL SØNDAGSSKULEN!

Søndagsskulens dag vert i år 21. september. Denne dagen vil
det bli gudsteneste tre stader i kyrkjelydane.


Arna kyrkje ved res. kap. Sundsbø
Ytre Arna kyrkje ved sokneprest Øy
Tren gereid ved sokneprest Odd Handal
Alle gudstenestene tek til kl. 11.00.

På Unneland vert det familiegudssteneste søndag 28. oktober
kl. 16.00.

Me oppmodar alle familiar til å koma til gudsteneste denne
dagen og ta borna med.

VELMØTT!

Barneside



Hvortor har vi trafikkregler, øyer og
striper i gata, skilt og lysstolper langs
veiene? Hensikten er at de som kjører,
sykkler eller går skal unngå å bli skadet.
Det er bare når vi holder oss til reglene
at de beskytter oss.
Versene i Bibelen forteller at mange
mennesker gikk bort fra Jesus, de
ville ikke lenger være sammen med
han. Mange mennesker gjør også
slik idag, de vil ikke ha en som bestemmer over seg.
"Tro om også disiplene mine vil gå fra meg", tenkte Jesus.
"Det gjør Jesus vondt når mennesker går bort fra han.
Disiplene ville ikke gå bort, de hadde ingen andre
som de kunne gå til. De visste at uten Jesus kunne de
ikke komme seg frem på himmelveien.

KRYSSORD

	AV. ENG RUND		ÅSSIDE GUTTEN.		
		STYRED BÅTENE FARGET MANN		IX	
				DYR	NR. 1,7 OG 11 ALFABE- TET.
			I TO LIKE		GÅRDS- PLASS.
HELLIG DAG					
TALTE					
SOM. ENG.					

i neste nr.

Samling for 60-års-konfirmantane i Ytre Arna kyrkje 25.5. 1986



Bak frå venstre: Johannes Dale, Malmfinn Revheim, Ivar Mjelde, Johan Assersen og Torfinn Sletten.

Midterste rekke: Harald Sundsbø, Astrid Skreien, Hilda Vatle, Sicilie Karl- sen, Anna Strømme og Borghild Ekestad.

Fremste rekke: Agda Langeland, Gudrun Brudvik, Marta Vangsnes, Anna Mjelde og Berta Vevle.


Diakoniutvalet i Arna prestegjeld

Sokneråda i Arna og Ytre Arna har oppnemnt nye medlemmer i diakoniutvalet. Utvalet har no konstituert seg og får denne samansetjing:

Inger Myklebust, formann
Borgny Kvamme, varaformann
Marta Straume, sekretær
Martha Skadal, kasserar
Egil Tunes
Vidar Rydland
Ingrid Romslo, varamann

Søndagsskolen i Borgstova

I Arna er det søndagsskule i Borgstova under gudstenesta. Borna er med på gudstenesta til preika byrjar og er så vanleg vis samla til søndagsskole til gudstenesta er slutt. Gjer dykk nytte av søndagsskolen, så familien kan gå samla til kyrkje!



Arna Kyrkjelydsskule

Hausten 1986



Programmet i haust er prega av aksjonen BIBEL OPEN FOR ALLE. Kyrkjelydsskulen inviterer til tema- og samtalekveldar i Ytre Arna og i Indre Arna, og til «Bibelhelg» i november.

YTRE ARNA, kyrkjelydshuset:

Temakveldar – Kva seier Bibelen?

Onsdag 24. sept.: Kva seier bibelen om naturvitskapelege oppfatningar? v/ universitetslektor Jan Marius Olsen.

Onsdag 15. okt.: Kva seier bibelen om kvinne og mann i heimen. I samfunnet, i kyrkja?

v/ Akademilektor Solfrid Storøy

Onsdag 29. okt.: Kva seier bibelen om meg, og kva har det betydd for meg? v/ T. H. Kleppestø, E. Mohn og K. Sundsbø.

Onsdag 19. nov.: Kva seier bibelen om Guds frelsesplan? Spådom i GT. Oppfylling i NT. v/ sokneprest Øyvind Øy.

Kvar kveld kl. 19.30. Ta med matpakke. Te/kaffi vert servert.

Indre Arna, kyrkjestova («kapellet»):

Samtale om søndagsteksten/gudstenesta.

Tysdagar: 23. og 30. september, 7. og 14. oktober. (Det kan kanskje verta aktuelt å utvida med eit par samlingar til, det vert i så fall kunngjort sidan.)

Kvar kveld kl. 19.30. Ta med marpakke. Te/kaffi vert servert

Helga 7. - 9. november skipar kyrkjelydsskulen til Bibelhelg i samarbeid med Det Norske Bibelselskap. Då kjem generalsekretøren i Bibelskapet, Ole Chr. M. Kvarme.

Fredag: Medarbeidarsamling i Betania, Lone.

Laurdag: «Bibel-verkstad» i Arna bedehus om føremiddagen. Arrangement om kvelden i samarbeid med Osterøy.

Søndag: Prestegjeldsgudsteneste i Arna kyrkje.

Merk deg helga no. meir detaljert program kjem seinare.

VELKOMMEN TIL KYRKJELYDSSKULEN!

Helsing styret

NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



Døyppte

Arna sokn:

- 24.05: Raymond Thunestveit. Døyppt i Ådland krk.
 25.05: Connie Våge, Nils Øyvind Hartveit, Morten Andre Rysjedal, Christoffer Borge.
 25.05: Jørn Ulveraker Reknes. Døyppt i Birkeland.
 08.06: Fredrik Ordemann, Connie Johanson Solberg, Kjersti Espevoll, June Sandal, Ann-Kristin Boge, Kine Espeland.
 15.06: Camilla Dahl. Døyppt i Ytre Arna.
 15.06: Geir Amund Hjelmen og Remi Ulveraker Reknes. Døyppt i Birkeland krk.
 22.06: Trine Øvrebotten, Jeanette Kvamsdal, Birgitte Nybø, Hege Kristin Heggertveit, Truls Mykeltveit Thunes.
 06.07: Silje Elin Minde, Stig Atle Knudsen, Steffen Risnes, Thomas Nilsen.
 12.07: Per Harald Hemre og Ida Karin Hemre.
 13.07: Henning Eide.
 13.07: Inger Elin Matre. Døyppt i Ørskog kirke.
 20.07: Arve Tunestveit, Ivar Vinjerud, Karina Espeland Johnsen, Benedicte Stephansen Kleiveland, Veronica Lillefosse Widding.
 20.07: Chriss Morten Vestnes. Døyppt i Birkeland kirke.
 03.08: Espen Tveitevåg, Thorgeir Økland Thunestvedt, Karina Espeland Lunde.
 17.08: Silje Eiken.

Ytre Arna sokn:

- 02.02: Anette Brunborg.
 25.05: Steffan Sund, døyppt i Holmestrand.
 15.06: Vidar Haukås.
 06.07: Åge Nordland, døyppt i Masfjorden.
 13.07: Silje Marie Fonn
 20.07: Yngve Berland
 24.08: Kenneth Christensen, Ole Andre Haug Espedal.



Vigde

Arna sokn:

- 07.06: Terje Mjelde og Lillian Njåstad.
 14.06: Brigit Hageberg Brekke og Ingrid Selle.
 20.06: Nils Gunnar Knutsen og Ingunn Merete Sunde.
 20.06: Dag Samuel Nilsen og Anita Dalen.
 21.06: Victor Hoff og Kjerstin Henriksen.
 21.06: Erling Johannes Husebø og Solbjørg Åsgard.
 21.06: Kjell Harald Indrehus og Unni Elin Knarvik. Vigde i Domkirken.
 28.06: Ottar Mæstad og Åse Berit Minde.
 28.06: Willy Jostein Nielsen og Hildegunn Almeliid.
 28.06: Leif Erling Larsen og Elisabeth Vedeler Torkildsen.
 28.06: Jan Arnljot Vik og Bente Kari Fjeldsbø. Vigde i Mariakrk.
 05.07: Geir Johannessen og Birthe Elin Reknes.
 05.07: Jostein Gunnarskog og Elin Skjerping. Vigde i Øystese krk.
 12.07: Hogne Hemre og Helga Nævdal.
 17.07: Bjørn Heggem og Helga Nævdal.
 09.08: Øystein Rolland og Aud Katrin Kvandal Kristoffersen.
 09.08: Torgeir Hauge og Linda Presttun.
 09.08: Sture Nepstad og Kristine Drake.
 16.08: Yngve Pedersen og Anne Kari Fivelsdal.
 16.08: Svein Magne Herfindal og Åshild Grønvold.

Ytre Arna sokn:

- 05.07: Magne Endresen og Anne Brit Innvær, vigde i Bremnes kyrkje.

Framhald s. 11

Presten har ordet



Øyvind Øy

Kyrkjelydshuspengane til Redd Barna?

Ein søndag etter ei gudsteneste låg det att ei helsing i kyrkja som var skriven på ei brosjyre om kyrkjelydshuset. «Hvorfor ikke bruke bedehuset og gi kyrkjelydshuspengane til Redd Barna osv», stod det.

Det er nok ein del som tenkjer på same måten og meiner at det er bortkasta pengar og arbeid å byggja kyrkjelydshus. Det er difor viktig å få streke under at vi arbeider for kyrkjelydshus fordi vi ser at kyrkjelyden treng det. Vi kan bruke bedehusa ein del, men indremisjonslaga har mange oppgaver å løysa som gjer at dei for det meste treng husa sjølve. Det er difor sterkt avgrensa kor mykje soknerådet kan nytte lokala der til sitt arbeid.

Vi som er tilsette i kyrkjelyden, kjenner i alle fall så og seie dagleg kor stort savn det er at vi ikkje har eit hus som er vårt eige å drive arbeidet i. Vi vil til dømes få eit heilt anna utgangspunkt for konfirmantarbeid og anna ungdomsarbeid når vi kan samlast i kyrkjelydshuset. Kyrkjelydshuset vil vere med å skape miljø i kyrkjelyden på ein heilt ny måte. Vi ser og at arbeidet i kyrkjelyden idag stagnerer m.a. fordi vi ikkje har kyrkjelydshus.

Dessutan har soknerådet gjeve uttrykk for at vi vonar det ikkje berre skal vere eit hus for kyrkjelydsarbeidet. Vi ynskjer at lag og organisasjo-

nar i Arna skal bruke huset og at det på den måten skal tene det miljøskapande arbeidet i heile Arnabygda.

Vi vil bygge kyrkjelydshus fordi vi klart ser at vi treng det idag, og vi trur at det vil vere enno meir bruk for det i åra som kjem. Her er bruk for både bedehus og kyrkjelydshus. Dessutan er ikkje pengane vi investerer i kyrkjelydshus til hinder for innsats for Redd Barna og mange andre tiltak som krev frivillig innsats. Tvert imot vil eit sterkt og aktivt lokalmiljø gje grunnlag for at vi kan yte hjelp også utanfor våre eigne grenser. Kyrkjelydshuset vil vere eit verdifullt bidrag i denne samanheng.

KATEKET


Som det er omtalt andre stader i bladet, er Målfrid Sandvik slutta som kateket i Arna. Stillinga vart lyst ut i sommar, men det meldte seg ingen søkjarar. No vert det ny utlysing med søknadsfrist 26. september, slik at det vert ei stund før det kjem nokon fast i hennar stad. I mellomtida har vi likevel fått til ei svært god ordning ved at Martha Trollsås Sæther som var vikar i stillinga i vår, har sagt seg villig til å halda fram i litt redusert post. Difor skulle og konfirmantundervisninga gå godt, og det er ei løysing vi er godt tent med.

Menighetsselev i Ytre Arna

Ytre Arna Kyrkjelyd har søkt om og fått tildelt elev frå Menighetsseminaret i Bergen. Det er Bjørg Hilde Glad. Ho skal bu i Ytre Arna og vera med i kyrkjelydsarbeidet samstundes som ho nokre dagar skal ha undervisning i Bergen. For det meste vert arbeidet hennar i kyrkjelyden samla på tysdagar og torsdagar. Vi kjem att med ein nærare presentasjon seinare.

VELSKAPT

av Einy Rendal Elgsæther



— Spør heller om eg er glad barnet er velskapt. — Kongelegge ord i ein kongeleg situasjon, ved ein arveprinsfødsel.

Kloke, riktige ord i forhold til spørsmålet om glede over kjønn. Glede over det velskapte, normale, ei naturleg glede som foreldre kjenner. Vi som har vore så heldige. Eller fokuserer vi for mykje på dette, det velskapte, de friske, det vakre, det intelligente?

Når ein har stått ved ei fødeseng og fått spørsmål frå ei mor: — Er det noko galt? Dette barnet er ikkje som dei andre borna eg har fødd. — Og ein visste det var noko galt, eit barn med berre ei fure i handflata, eit lite barn med liten handbagasje, eit barn som aldri ville bli som dei andre. Eit barn med for mange kromosomar. Når ein kunne sagt: — Dette barnet vil gi deg smerte og kamp, men større glede og kjærleik enn nokon av dei andre.

For det har ein sett: Smerte og kampen ved det misdanna og unormale, over å få eit barn som ikkje var velskapt og vakkert, som ein ikkje gledde seg til å visa fram.

Men også sett kjærleiken og tapet ved grava til eit barn som var anleis, men som hadde vorte ein rikdom i heimen og nærmiljøet, som hadde andre kvalitetar, omsorg, storsinn og syn for dei små bagatel-

lar som hadde indre rikdom og venleik. Ei ros og ein augnestein for dei som vart glade i dette barnet. Ein av dei mange som lærer oss om livsrett og menneskeverd, lærer oss at mennesket er meir enn velskapte kroppar og intielligente hjerneceller.

Mennesket skapt i Guds bilete. Velskapt!

Norske verdier

70% av alle nordmenn tror på Gud. I våre naboland Sverige og Danmark er tallene betydelig lavere, hhv. 52 og 58%. Dette viser tall fra en stor undersøkelse om «Norske Verdier» som er utført ved Universitetet i Trondheim.

At 70% av alle nordmenn sier de tror på Gud, betyr slett ikke at alle disse tenker bibelsk om Gud, eller har et personlig forhold til ham. Bare 45% vil kalle seg en relegiøs person, og kun 42% tror på et liv etter døden.

Likevel viser undersøkelsen at det ikke er riktig at nordmann flest «egentlig er humanetikere», slik noen sier. Den viser også at kristentroen står sterkere hos oss enn i våre naboland, statistisk sett.

Det er vanskelig å peke på en årsak til dette, men de kristne bibel- og folkehøyskoler har utvilsomt hatt stor betydning.

I en tid hvor kryssende livssyn slåss om oss, er det helt nødvendig å bli grunnfestet i troen for å overleve.

En styrking av bibelundervisningen er noe av det mest strategiske vi kan gjøre for å styrke troens posisjon i vårt folk. Det vil ha følger, ikke bare for kirken, men for hele samfunnets utvikling. Det har med norske verdier å gjøre.

MØTE

Betania, Lone

- 06.09: Samlingsfest.
Talar Øyvind Øy.
- 07.09: Børseinnsamling NLM.
- 11.09: Nattverd møte.
- 14.09: BUF
- 16.09:
- 21.09: Y-ungdom møteveke.
Talar Audun Myksvoll.
- 25.09: Indremisjonen.
- 28.09: Norsk Lærarakademi
- 02.10: NLM
- 05.10: Santalmisjonen.

Haugland bedehus

- 10.09
- 11.09
- og
- 12.09: Indremisjonen.
Talar Audun Hjelvik.
- 28.09: Norsk Lærarakademi.

Ytre Arna bedehus

- 07.09: Samlingsfest kl. 17.00.
Talar Leif Nesheim.

10.09

11.09

13.09

og

- 14.09: Møteveke v/Santalmisjonen.
Talar Olav Helle.

Arna bedehus

- 07.09: Samlingsfest kl. 18.00.
Talar Kåre Eikrem.
- 10.09: Basar for Misjonsselskapet.
- 11.09: Bibeltime v/Morten Pedersen.
- 12.09: Santalmisjonen.
Talar Olav Helle.
- 13.09: Ungdomskveld.
- 14.09: Søndagsmøte
- 18.09: Nattverd møte
- 21.09: Familietreff kl. 17.00
- 24.09: Basar for Misjonssambandet
- 25.09: Bibeltime v/Morten Pedersen
- 28.09: Norsk Lærarakademi
- 01.10: Konfirmantsamvær
17.30-19.00.
- 02.10: Eldretreff kl. 17.00.
- 05.10: Misjonsfest

Tunes bedehus

- 08.09
- 09.09: Møte ved Santalmisjonen kl. 19.00. Talar Olav Helle.

- 21.09: Møte kl. 19.00 v/Gottfred Eriksen.
- 28.09: Møte kl. 19.00 v/Norsk Lærarakademi
- 30.09: Møte kl. 19.00 v/sokneprest Per Inge Eide

**AKSJON
BERGEN '86
TVERRKIRKELIG
MØTEKAMPANJE MED
ARIL EDVARSDEN
16.-21. SEPTEMBER 1986**

STED:
Bergen Racket Senter
på Bønes.

TID:
Hver kveld kl. 19.30.

Sett av en kveld til å høre hvilket budskap Aril Edvardsen har til dagens moderne mennesker!

Framhald frå s.8.
Nytt frå....

† Døde

Arna sokn:

- 31.05: Thorvald Lund, f. 1903.
- 02.06: Nils Kristian Skulstad, f. 1924.
- 06.06: Jørgen Hegland, f. 1915
- 11.06: Nelly Åsheim, f. 1914
- 13.06: Jeanette Simonsen, f. 1985
- 19.06: Harald Bernhard Nævdal, f. 1899.
- 09.07: Marry Iversen Bøthun, f. 1942.
- 05.08: Sverre Bøthun, f. 1931.
- 08.08: Reidar Færrestvedt, f. 1928.
- 07.08: Anders Herland, f. 1904.
- 11.08: Sverre Ørbekk Legreid, f. 1903.
- 11.08: Ingeborg Eide, f. 1928.
- 13.08: Malfrid Johanna Mjeldheim, f. 1911.

Ytre Arna sokn:

- 07.06: Paul Henrik Ladeberg, f. 1919.
- 24.07: Anker Ingolf Vevle, f. 1910.
- 17.08: Kåre Dokmo, f. 1916.

Frå kateket i Arna til misjonær i Afrika



Målfrid Sandvik

— Kva er det å vera kateket?

— Kateketen er leiar for undervisningsarbeidet i kyrkjelyden. Kyrkja som har fått oppdraget å døypa, har også fått oppdrag å «læra å halda».

Tradisjonelt set ein gjerne dette i samband med konfirmantundervisninga. Men dåpsopplæring er meir enn det.

Kva har arbeidet ditt bestått i?

— Mest tid har eg nok brukt på konfirmanntarbeidet, planlegging, administrasjon, undervisning (og foreldrekontakt).

Ved sida av dette har eg m.a. vore med i styret for kyrkjelydsskulen, (som er eit undervisningstilbod for vaksne). Her har me hatt ulike kurs/seminar og temakveldar. «Undervisninga» har oftast gått føre seg gjennom foredrag/innleiing og samtale, gjerne over ein kopp kaffi/te. Eg unner verkeleg fleire å oppleve det fellesskapet me kan ha der.

Saman med prestane har eg (dessutan) hatt kontakt med skulane: teke imot skuleklassar i kyrkja, vitja skuleklassar og leia skulegudstenester. Samarbeidet med lærarane har vore verdifullt. Særleg vil eg nemna skule/kyrkje-utvalet i Arna, der alle (grunn-)skulane har sin representant.

Eg har også hatt kontakt med barnehagar, med Arna kyrkjelyd sin barnehage spesielt. —

Ungdomsarbeidet har eg også hatt litt kontakt med, særleg gjennom arbeidet i ungdomsrådet i Arna kyrkjelyd.

Kateket-tenesta har gitt rom for breidde og variasjon. Gjennom arbeidet har eg fått møta menneske i alle aldrar, og det er eg glad for.

— Kva skal du gjera no når du sluttar her?

— Når dette vert lese, er eg blitt student ved Misjonshøgskulen i Stavanger. Eg skal gå kurset «Kristendom og misjon» dette året, med tanke på misjonærteneste på eit av Det Norske Misjonsselskap sine felt. Truleg vert det i Afrika, kanskje Kamerun. Kjem eg dit, vil det bli kateketisk arbeid for meg framleis, dvs. ansvar for kristendomsundervisning på ein eller annan måte.

Etter kurset på Misjonshøgskulen treng eg å læra språk før eg reiser ut. Skal eg til Kamerun, må eg først på språkstudium i Frankrike i 10 mndr., då fransk er administrasjonsspråket i Kamerun. Sidan vert det truleg å læra stammespråk når eg er komen inn i landet.

Det med språket er forresten spennande. Eg har reallina frå gymnaset, og er ikkje noko «språkmenneske». Men eg håpar det vil gå bra. De får be om det.

Det er ikkje så lett å bryta opp og reisa herifrå. Me har hatt eit svært godt samarbeidsfellesskap i kyrkjelydane, og eg kjem til å sakna vener og nære medarbeidarar. Men eg trur på at venskap vil vara sjølv om vegane skilst, og det er godt å tenkja på no.

— Utgangspunktet for tenesta mi som kateket har vore dåps- og misjonsbodet i Matt. 28, 18-20.

Når eg går over i teneste ein annan stad, er utgangspunktet det same: Jesus har fått all makt. Han ber oss å gå og gje vidare det han gjev oss og lærer oss, og lovar sjølv å vera med alle dagar.

Me har fått eit ansvar, det gjeld vore egne og det gjeld andre folkeslag. Men oppdraget gjeld ikkje berre oss som står i forkynnar- og undervisningsteneste. Det er mange ulike tenester både her i Arna og i misjonen ute.

Me kan læra av Jesus: Han hadde omsorg for einskild-menneske. Han underviste og lakte. Han levde i bøn.

— Så treng me å stå saman i tenesta, gjerne i ei gruppe. Eg for min del er glad for at me også kan stå saman trass i geografiske avstandar.

Ofringar i kyrkjelydane

Arna sokn:

17.05:	Arna Søndagsskulelag	kr. 2.103
18.05:	Nordhordl. Indremisj.	kr. 3.520
19.05:	De fire diakoniinst.	... kr. 787
25.05:	Kyrkjelydshuset	... kr. 2.134
01.06:	Dronning Mauds Minne	... kr. 1.243
08.06:	Kristen filmteneste og kristeleg Kringkastingslag	... kr. 1.952
15.08:	Diakonihøgskulen	... kr. 1.301
22.06:	Kyrkjel. huset	... kr. 2.296
29.06:	Bjærgvin stiftssenter	... kr. 834
06.07:	Kristent arbeid blandt blinde	... kr. 1.505
13.07:	Norsk Muhammed-anermisjon	... kr. 1.142
20.07:	Kyrkjelydshuset	... kr. 1.685
27.07:	Kirkens-SOS	... kr. 1.415
03.08:	Kvamseter/Kvamshaug	... kr. 2.051
10.08:	Hjemmenes Dåpsring	... kr. 935
17.08:	Kristent arbeid blandt innvandrere	... kr. 2.029

Ytre Arna sokn:

25.05:	Kyrkjelydsarbeidet	... kr. 1.541
01.06:	Santalmisjonen	... kr. 779
29.06:	Kyrkjelydsarbeidet	... kr. 536
06.07:	Dronning Mauds Minnekr.	296
20.07:	Modums Bads Nerve-sanatorium	... kr. 1.018
03.08:	Menighetsfakultetet	... kr. 403
10.08:	Hjemmenes Dåpsring	... 701



Vet du at

Kirkens Nødhjelp brukte hele 217 millioner kroner til hjelpearbeid i 1985?

Mennesker i mer enn 60 land i Asia, Afrika og Mellom-Amerika får støtte gjennom Kirkens Nødhjelp?

Det er nå ni år siden forrige gang Kirkens Nødhjelp fikk inntektene fra TV-aksjonen? Nødhjelp '77 representerte et gjennombrudd for dør-til-dør aksjonene, og det kom inn 53 millioner kroner.

Sogn og Fjordane var det fylket der det ble gitt mest pr. innbygger i 1977? Her lå gjennomsnittet på kr. 17.42. På andre og tredje plass kom de to sørlandsfylkene: Vest-Agder med kr. 17.20 og Aust-Agder med kr. 16.20.

Bare ca. 7 prosent av årsbudsjettet i kirkens Nødhjelp går med til administrasjon og informasjonsarbeid her hjemme.

De innsamlede midlene skal brukes der de trengs mest:

* til prosjekt mot ørkenspredning i Afrika

* til helse- og jordbruksprosjekter i Asia

* til jordbruk-, skole- og slumarbeid i Mellom-Amerika

* til øyeblikkelig hjelp i katastrofer som kan komme.

På grunn av TV-aksjonen 1986 «HJELP UTEN GRENSER» er det noen tusen medmennesker som gis anledning til å arbeide seg ut av en håpløs livssituasjon.

HVORDAN BEVARER GUD SINE?

Jesus tenker på en annen måte.

Den 13. september er det 50 år siden den store rasulykken i Loen, da syttifire mennesker omkom.

Ramnefjellet ristet fra seg hundretusener av tonn stein, og flodbølgen knuste to hele bygdelag. Blant de omkomne var mange varmhjertede misjonsvenner.

Ved slike og liknende tragedier kan spørsmålet komme opp: — Hvorfor lot Gud dette skje? Kan han ikke ta vare på sine? Har han ikke lovet å bevare oss fra alt ondt?

Vi kan ikke her i tiden få utfyllende svar på slike spørsmål.

I sin yppersteprestelige bønn (Joh. 17, 9-17) ber ikke Jesus lenge for seg selv. Men han tar god tid til å be for disiplene sine. Det som går igjen i bønner er: at de må bli bevart. Legg merke til at Jesus tenker på en annen måte enn vi, om det å bli tatt vare på eller bli beskyttet.

Jesus ber om tre ting for oss:

— At vi må bli bevart i Guds navn, det navn som er gitt til Jesus. (v. 11)

— At vi må bli bevart fra det onde, det vil si fra å komme under den ondes innflytelse. (v. 15)

— At vi må bli bevart og helliget

i sannheten som er Guds ord. (v. 17)

Det er ikke selvsagt at en kristen blir bevart i troen gjennom livet.

De største farene for oss er at vi kommer på avstand fra Jesus, at djevelen får binde oss opp i synd, og at vi slutter å tro Bibelen og begynner å tro på hva som helst. Om livet blir kort eller langt, om døden kommer brått eller langsomt, spiller mindre rolle. Evigheten er likevel lenger. Framtiden hjemme hod Gud er likevel lysere enn alt annet.

Jesus ber for alle disipler at de må bli bevart. Du er dyrebar i hans øyne. Alt Hans er ditt, og han ønsker å ta deg med til sin evige bolig for å gi deg del i sin herlighet.

Så hold deg nær til Jesus, til Ordet, til Sannheten. Han lengter etter å høre denne bønner fra deg, og jeg tror han vil svare på den ved å bevare deg:

Jesus, hjelp oss hjem,
Frelser, før oss frem.

Gjennom kors og kamp til kronen.
Gjennom trengsels natt til tronen!

Frelser før oss frem.
Jesus, hjelp oss hjem.

BLOMSTER

til enhver anledning!
Ring vår blomstertlf.

24 25 95

 a.s. Sarepta

5260 Indre Arna

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

Solstrands
Blomsterforretning
Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

Solstrand
Begravelsesbyrå
Herm.Fossgt. 11, tlf. 32 55 50
Alltid til tjeneste



VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna

Kranser
Bårebuketter
Espeland Gartneri

5230 ESPELAND, tlf. (05) 24 08 09
ARTHUR HOPE

ESPELAND
BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørgeres oppsatt.

Banken i Arna frå 1866

SPAREBANKEN



AVDELING ARNA

— til bygdefolket sitt beste

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning. Hugs at vi har lavaste pris, og det De kjøper her kan De få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 81 88
Arnatveit — telefon 24 19 70
Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP

DU KAN LEIE
HENGERE
HOS OSS!

Vi har hengere for
Bil-båt og
varetransport



ARNATVEIT
AUTO SENTER

TLF. 24 07 40

Utlevering også fra Blomsterdalen
ved J. B. Myklestad.

Velkommen til kyrkje

- Sept. 07.** Arna kl. 11. Konfirmantpresentasjon. Sokneprest Øy. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Søndagsskule.
Ytre Arna kl. 11. Konfirmantpresentasjon. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- Sept. 14.** Arna kl. 11. Konfirmantpresentasjon. Res. kap. Sundsbø. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Søndagsskole.
Arna kl. 19. Ungdomsgudsteneste. Konfirmantpresentasjon.
Ytre Arna kl. 11. Akademilektor Arve Brunvoll. Nattverd. Takkoffer til Norges kristelige student- og skoleungdomslag.
- Sept. 21.** Arna kl. 11. Familiegudsteneste. Res.kap. Sundsbø. SØNDAGSSKOLENS DAG. Takkoffer til Bergen Søndagsskolekrins.
Ytre Arna kl. 11. Familiegudsteneste. SØNDAGSSKOLENS DAG. Sokneprest Øy. Takkoffer til Bergen søndagsskolekrins. Kyrkjekaffi.
Tregereid kl. 11. Familiegudsteneste. SØNDAGSSKOLENS DAG.
- Sept. 28.** Arna kl. 11. Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Bjørgvin Bispedømeråd. Kyrkjekaffi. Søndagsskole.
Unneland kl. 16.30. Familiegudsteneste. Sokneprest Øy. SØNDAGSSKOLENS DAG.
- Okt. 05.** Arna kl. 11. Sokneprest Øy. 50-års konfirmantane innbedne.
Ytre Arna kl. 11 Res.kap. Sundsbø. Ytre Arna Kyrkjekor. 50-års konfirmantane innbedne.

Søndag er kyrkjedag

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.
Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Ingebjørg Ragnhildstveit, Ragnhild Rein, Harald Sundsbø.
Forretningsfører: Bjørg Hellesøy.
Bladpengar: kr. 30.-
Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8448.21.01856.
Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.
Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30
Torsdag kl. 17.30 - 19.00.
Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P.Jebsensv.39: Tlf.24 85 46.
Kontortid: tysdag kl. 17.00 - 18.00.
onsdag og fredag 10.00 - 11.30.
Kyrkjegardane i Arna. Tlf. 24 05 69. **Kontortid:** Månd. - fredag 10 - 11.